
Årsmelding



2022

Årsmelding 2022

Klepp frivilligsentral

1. Målsetting

Klepp frivilligsentral skal vera med på å fremja og utvikla frivillig innsats til det beste for enkeltpersonar, grupper, organisasjonsliv og lokalmiljø i Klepp kommune.

- *Frivilligsentralen skal vera med på å skapa gode levevilkår og auka livskvalitet for innbyggjarane, slik at desse opplever å meistre kvardagen og å høyre til i eit fellesskap.*
- *Klepp frivilligsentral skal gjennom å stimulera til frivillig arbeid, bidra til å utvikla eit levande lokalmiljø, der folk møtest, deltar aktivt, samarbeider, bruker evner, utviklar interesser og tar medansvar i ulike deler av den lokale oppgåveløysinga.*

Klepp kommune eig og driv Frivilligsentralen, som ligg i Fredheimsbygget. Sentralen har og fleire aktivitetar i Skatvedtuset, Bøkevegen 1.

Tilsette:

Ann Kristin N. Hatletvedt 100%
Liv Wenche Malmin 100%
Gunhild Damsgård Klingsheim 70%
Mona Ø. Kyllingstad – «Treffpunktet» 60%
Elise Sofie Høyland “Få det gjort” 40%
Alieksandra Balabanova – flyktningar 30%
Amanda S. Tremlett – Bydelsmor 40%

Styret i Klepp frivilligsentral i 2022

Leiar, politisk vald, Samfunn og kultur:

Andrine K. Homme

Vara: Kurt Hermansen

Nestleiar, politisk vald, Helse og Velferd:

Elin Barane Helland

Vara: Kristine N. Meinkøhn

Frivillige representantar:

Oddbjørg Starrfelt

Åsmund Steinnes

Terje Barka

Anne Lise Haukås

Vara: Razia Barat Ali

Helse/Velferd, adm. oppnemnd:

Liv Øvregaard

Vara: Anne Kyte Moi

Samfunn og kultur, adm. oppnemnd:

Ulf Ludvigsen

Vara: Tone Michelle Rønningsen

Sekretær: Ann Kristin N. Hatletvedt

Det har vore 4 styremøte med 39 saker.

Deltaking i diverse komitear/samarbeidsprosjekt:

Samarbeidsforumet

Eldres dag

Seniornettkafe – Klepp

Nettverksgruppe for daglege leiarar

Frivillig-Rogaland

Klepp Sanitetsforening

Orre Sanitetsforening

Bore Sanitetsforening

Rotary Klepp

Lions Klepp

Samarbeid med Stiftelsen Fredheim

Frivilligkoordinator Helse og Velferd

Norsk Folkehjelp Jæren

Aktivitetssvenn Klepp

Aktivitetssvenn Rogaland

Frivillig.no

Natteravn Klepp

Nytt kommunehus

Lyttevennkonferanse

Aktive Saman

Sykkelturen 2022

Leve heile livet

Massevaksinerings i Klepp

Arbeidsgruppe flyktningar Klepp kommune

Bydelsmor Norge

Rogaland Fylkeskommune

Jæren Friluftsråd

Klepp innebandy

Klepp BMX

Bore menighet

Klepp menighet

Klepp mannskor

Klepp Hornmusikk

Aktiv Orre

Stiftelsen Fredheim

Frivillighetens år

Ungdommens kultursenter Axis

Klepp bibliotek



«Kongesommar» med ungdom frå «Få det gjort» som medhjelparar.

Frivilligarbeid i Klepp FS:



Toppturgruppa på ein av sine fantastiske turar

Aktivitetsvenn
Basketball i Borehallen
Besøksbaby
Besøkshundar
Besøksvenn/Turvenn
Datahjelp
Eldrehjelpa
Fleirkulturelt arbeid
Frivillige på institusjon
Førstehjelpskurs for småbarnsforeldre
Få det gjort
Glade hjul
Gledesspreiarar
Goddrøsen i Ståvå
Gruppeleiar
Grøn glede
Internasjonal kvinnegruppe
Kafear for eldre på Bore og Orre
Karane med klypå
Kjøre/Følgje
Kleppeturen
Kunstgruppe
Leksehjelp
Leseombud
Litteraturgruppe
Lyttevenn
Matutkøyring
Mengdekøyring
Møteplassen
Norskgruppe på sentralen
Paletten – malegruppe
Pop-up butikk
Praktisk hjelp i heimen
Saman på nett
Seniornettkafe

Slektstgransking
Småtroll
Snekkergruppe på Aktivitetssenteret
Språksprell
Strandturen
Strandvandring
Strikkekafe
Strikk til Ukraina
Strøsand
Sykurs
Tirsdagsklubben på Orstad
Toppturen
Treffpunktet
Trygg i havet
Ulike kurs
Ver lur, opplev kunst og kultur
Vaketenesta
Åpen hall



Ungdommar frå Ukraina og Norge på surfekurs på Bore

Utlån:
Vi lånte ut:
Barnestolar
Mobil teleslynge
Utlån til grupper, lag og organisasjonar:
Møterom
Møterom på nett
KOMP
Bil til mengdekøyring



Kvinnegruppa hadde sommaravslutning på Friluftshuset

Arbeidsåret 2022

Frivilligsentralen i Klepp har over 450 registrerte frivillige. Disse deltar i over 50 ulike oppgaver/aktiviteter.

Eldrehjelpa

Eldrehjelpa hadde 22 oppdrag i 2022. Det er stort sett følge til SUS og til tannlege. Dei fleste henvendelsane er frå institusjon. Den frivillige møter den som treng hjelp i avdelinga/i heimen sin, sit på i taxi, følger vedkomande inn på den avdelinga ho eller han har time. Om nødvendig er hjelparen med inn, då etter avtale med institusjon/pårørande. Ofte er det 2 avtalar på same dag. Derfor tar ofte desse følgene opptil fleire timar.

Møteplassen.

Det er nå 12 år sidan vi starta Møteplassen. Vi har det siste året hatt eit godt samarbeid med «Psykisk helse og rus» i kommunen. Vi har hatt med oss 17 frivillige og 30 deltakarar. I 2022 fekk vi innvilga 50.000 kr årleg til aktivitetsmidlar frå kommunen. Dette gir trygghet og forutsigbarhet for innhaldet av aktiviteter på Møteplassen. I 2022 har vi endelig kunne starte opp igjen med utflukter og aktiviteter på huset. Vi har også i år hatt fokus på gode, sunne måltid, og matpose som deltakarar har hatt med heim.



God stemning på kjøkkenet på Møteplassen

Treffpunktet

Treffpunktet har nå tilbud 3 dagar i veka. Det er ca. 20 deltakarar to av dagane, og 4-6 deltakarar den tredje dagen. Antal frivillige er tilsaman 10. Tilbodet er for personar som har behov for meir aktivitet i kvardagen. Me held til i stova på Fredheim frå kl.10 til 13, og aktivitetane er varierte. Trim, sang og musikk, film, forteljingar, bingo og ca.ein tur i månaden - er noko av det vi gjer på Treffpunktet.



Oktoberfest og god steming på Treffpunktet

Nytt i 2022

Pop-up butikk

I forbindelse med flyktingesituasjonen i 2022 starta vi opp ein gratis butikk for trengjande. Denne held ope ein ettermiddag i veka, og er driven av norske og ukainske frivillige.

Sykkelturen 2022

2022 var Frivillighetens år. Norges Frivilligsentraler inviterte i samarbeid med ei rekke andre organisasjonar til ein sykkeltur gjennom heile landet! Hovedmålet med sykkelturen var å setje lys på meirverdien av å føle seg til nytte i samfunnet, og å oppleve gode relasjonar i kvardagen. Turen gjekk frå Nordkapp til Arendal. Vi kom fram dit då den kjende «Arendals-veka» vart arrangert. Turen varte frå 21. mai til 15. august 2022. Klepp hadde ansvar for sykkelturen i Rogaland frå 29. juni til 6. juli. 4. juli kom sykkelturen til Klepp. Vi hadde 5 arrangement denne dagen.

1. Frukost på Fredheim i samarbeid med Stiftelsen Fredheim og Klepp sanitetsforening.
2. Sykling på BMX-banen i Kleppeloen i samarbeid med Klepp BMX.
3. Borestranda, med surfekurs, kyrkjekaffe, førstehjelpskurs, vaffelsteiking, stands i samarbeid med Bore menighet, Boretunet, Norsk Folkehjelp Jæren og Bore Sanitetsforening.
4. Konsert på Kleppvarden i samarbeid med Klepp mannskor og Klepp Hornmusikk. Gjestevoalist var Berit Mæland
5. Besøk på Orre samfunnshus, med omvisning. Vi fekk også høyra historien bak det første samfunnshuset i landet som vart bygd på dugnad. Dette var eit samarbeid mellom bl.a. Orre sanitetsforening, Orre samfunnshus og Orre il.

Førstehjelpskurs for småbarnsforeldre

Etter ønske frå foreldre i «Småtrollgruppa» arrangerte vi førstehjelpskurs for småbarnsforeldre i samarbeid med Bore sanitetsforening og Norsk Folkehjelp – Jæren. Dette vil vi prøve å få midlar til å arrangere fast. Vi fekk folkehelsemidlar frå Klepp kommune til dette i 2022.

Sprek – trening for flyktingar

Ved hjelp av folkehelsemidlar kunne vi starte opp ei treningsgruppe leia av ein flyktning frå Ukraina. Treninga skjer fredagar og søndagar, og er open for alle.

Sykurs

Ei av våre frivillige damer arrangerte sykurs for nybegynnarar i haust. Kurset var 6 gonger og 6 kvinner deltok.

Kleppvert - hjelp til flyktingar

I samarbeid med Time Frivilligsentral arrangerte vi kurs for kleppvertar/timevertar i april. Desse vertane har tatt ulike oppdrag for å hjelpe frivillige som kjem til Klepp. Det har vore kjøring til lege, flytting av møbler, datahjelp, hjelp til utstyr mm.

30 årsjubileum

Klepp Frivilligsentral feira 30 årsjubileum i november. Dette blei markert med stor fest for frivillige på rådhuset. Det var talar, helsingar, god mat og song frå Klepp Mannskor. Jubileet blei og markert med stands på Jærhagen ein laurdag i november. Då stod over 90 frivillige på ulike stands og viste fram Frivilligsentralen sine ulike grupper og tilbod.

Julegåveaksjon

Vi har fått gleder mange i Klepp med frisørtimar, gavekort, restaurantbesøk, julegaver og mat til jul.

Dette har vi klart saman med gode samarbeidspartnarar i næringslivet, og saman med private gjevarar. Vi fekk 11 klipp, 82 middagar, Mat/julehjelp frå handlevogn på Rema 1000

Innpakka julegaver til barn og vaksne frå Jærhuset til familiar og deltakarar på Møteplassen. Innpakka julegaver frå Strikkekafeen til deltakarar på Møteplassen.

Samarbeidspartnarar til gavekort og middagar: Attmæ as, Magnhilds frisør, Sandnes Markise, Grude og Klingsheim Eiendom, Jonas B. Klepp I.B.K og Sayso frisør



Prosjekt 2022

Eksterne midlar til følgjande prosjekt:

- *Gjensidigestiftelsen*
Treffpunktet, kr 65 000
- *Norges frivilligsentraler*
Norsk språkgruppe Kr 9000
- *Folkehelsemidlar - Klepp kommune*
Sprek kr 20 000
Førstehjelpskurs for småbarnsforeldre kr 10 000
Basketgruppa kr 10 000
Språkgruppe kr 10 000
- *Folkehelsemidlar – Frivillig-Rogaland*
Trygg i havet
- *Bufdir*
Få det gjort
- *Sparebankstiftelsen Sr-bank*
Bydelsmor Klepp 200 000
- *Lions*
Sko til Basketgutta 4800
- *Norges Frivilligsentraler*
Sykkelturen kr 10 000
- *Rogaland fylkeskommune*
Rullatorløpet kr 10 000

Få det gjort

Frivilligsentralen fekk tilskotsmidlar frå Bufdir til inkluderings-prosjektet «Få det gjort» også for 2022 -2023. Dette skal gi ungdom arbeidslivserfaring og ein relasjon til arbeidslivet gjennom kurs, temakvelder og lønna arbeid. Prosjektet starta opp 1. august 2020, og deltakarar har fram til nå jobba over

2700 timar. Over 40 ungdommar har fått opplæring, ulike jobbkurs og praktisk erfaring med å jobbe. Dei fleste jobbopppdraga får vi hos private, men vi har og fått vera med som vakt på massevaksininga og pakking av korona- testar. Nokre har hatt arbeidspraksis på Håland kjøtt, og elles hatt ulike jobbar for Klepp næringslivsforening. Fire frivillige er tilknyttta prosjektet. Desse og har vore med på å kurse ungdom, samt vore rettleiarar ute hos oppdragsgjever.



Ungdommane i «Få det gjort» på stand på Jærhagen

Frivilligpris

Frivilligprisen for 2022 er tildelt Pauline Braut. Braut har vore involvert i frivillig arbeid i Klepp menighet sidan 1950-talet. Ho har mellom anna skyssa folk til og frå gudstenester på søndagane. «Det har vorte mange, mange turar gjennom ca. 50 år.» skriv dei som nominerte Pauline Braut til prisen. Ho har og tatt på seg andre skyss-opppdrag. «Det er mange i Klepp som må inn til SUS eller andre helseinstitusjonar, mange i bygda veit at ein telefon til Pauline kan vera nok», står det.



Styreleiar Andrine K. Homme og ordførar Sigmund Rolfsen ga frivilligprisen 2022 til Pauline Braut på nyttårstreffet.

TAKK TIL ALLE VÅRE FRIVILLIGE I 2022!



Kokkane på «Leksehjelp» sørger for mat og drikke



Gleda over å sjå havet for fyrste gong i livet



Klepp Hornmusikk på Kleppevarden. Dette var en del av «Sykkelturen 2022»



Frivillige frå «Strandvandringa» 2022



Dei tilsette gjer alt for å gjere dagen gladare!



Mange blei med på frukost på Fredheim under sykkelturen



Fornøgde etter å ha fått hjelp til trafikk-teori til førerkortet.



Sykkelturen med innholdsrik stopp på Bore



Frivillige frå Saniteten, Stiftelsen og Frivilligsentralen lagar frukost saman under «Sykkelturen 2022»



Frivillig frå Norsk Folkehjelp Jæren deltok i Sykkelturen 2022

Frivilligsentralen har i året som har gått blitt støtta økonomisk eller fått gaver frå:

- Klepp kommune
- Frivillig-Rogaland
- Sparebank Stiftelsen Sr-bank
- Gjensidige Stiftelsen
- Fylkeskommunen
- Statforvalteren
- Buf dir
- Trygg Trafikk
- Klepp Menighet
- Folkehelsemidlar
- Kiwi - Verdalen
- Jæren Sparebank
- Klepp Energi
- Jærhagen
- Stiftelsen Fredheim
- Lions Klepp
- Brustadbua
- Holdbart
- Grude og Klingsheim eiendom as
- Coop Orre
- Rema 1000 Verdalen
- Sandnes Taxi
- Tine Meierier
- Q-meieriet
- Ystepikene
- Europris
- Sandnes bakeri
- Private gjevarar
- Attmæ a/s
- Magnhilds frisør
- Sandnes markise
- Håland kjøtt
- Klepp Innebandy
- Sayso frisør Kleppe
- Lilleland a/s
- Klepp FRP

